

Merknad til Detaljreguleringsplan Havyard Leirvik, gbnr 85/8 m.fl, sak 24/715

Melding om utlegging av planframlegg på høyring og til offentlig ettersyn -
Detaljreguleringsplan Havyard Leirvik, gbnr 85/8 m.f - Hyllestad kommune

Oppsummering

Vi er særleg opptekne av den samla belastninga ulike økosystem vil bli utsett for ved den føreslåtte utbygginga av verftet. Samla sett meiner vi at delar av den føreslåtte utbygginga ikkje er forsvarleg og utgjer for stor risiko for negativ påverknad på det marine miljøet i Bøfjorden og dyr/menneske i området. Særskilt gjeld dette etablering av flytedokk og nytt kaianlegg nord.

Merknad frå Naturvernforbundet i Sogn og Fjordane

Flytedokka med ei lengde på 185 og bredde 45 m er plassert i Bøfjorden. Bøfjorden er ein liten og grunn fjord, med avgrensa sirkulasjon av sjøvatn, fjorden er dermed sårbar for inngrep, utslepp og uhell.

Plasseringa av flytedokka er planlagt i eit registrert gytefelt for torsk, der inngrep i havbotnen og auka aktivitet kan skade gyteområde, forringe levevilkåra for anna marin økologi og påverke fiskebestanden negativt. Hyllestad kommune søkte om dispensasjon for utplassering av flytedokka for 2-3 år sidan, der fylke og staten sa nei, grunna omsynet til bl.a. gyteområde for torsk.

Slik vi ser det er ikkje desse forholda endra, då plassering og omfang er den same. I tillegg er det dei siste 20 åra registrert ein sterk nedgang av tare og botnvegetasjon i området rundt skipsverftet, det er berre stein og berg som er synleg att. Fiskebestanden, med blant anna torsk, lyr og hyse er sterkt redusert.

Sognefjorden, som Noregs lengste og djupaste fastlandsfjord, huser rikt marint liv (sei, torsk, lyr, hyse, etc.) og er eit viktig fiskeområde, noko som gjer vern essensielt for å oppretthalde bestanden. Vern av kysttorsk i Sognefjorden er ein del av eit større nasjonalt arbeid for å styrke bestanden, der verneområde for gytefelt er eit sentralt tiltak.

Vi vil trekke fram som særleg relevant, Statsforvaltaren i Vestland sitt arbeid med å få eit marint vern av Sognefjorden, der bl.a. Bøfjorden er teke ut som særskilt verneområde. Dette arbeidet er no i utgreiingsfase, der Bøfjorden har status som «svært god» økologisk tilstand.

Link:

<https://www.statsforvalteren.no/vestland/miljo-og-klima/verneomrade/nye-verneomrade/marint-vern/sognefjorden-kandidatomrade-for-marint-vern/>

https://www.statsforvalteren.no/contentassets/b3b118ca4e664c89af968ec951c5a1cf/utgreiin gsprogram-for-marint-vern-sognefjorden_sendt-ut-i-verden.pdf

https://www.statsforvalteren.no/siteassets/fm-vestland/miljo-og-klima/verneomrade/marint-vern-sognefjorden/konsekvensutredning-samlet-endelig_v05.pdf

Statsforvaltaren sitt arbeid med marint vern av Sognefjorden omfattar både naturmiljø og fiskeri, der ulike alternativ for avgrensing av verneområde blir undersøkt for å beskytte marine artar, inkludert kysttorsk. Både Fiskeridirektoratet, forskarar og Havforskningsinstituttet tilrår strengare verna av gytefelt, og peikar på behov for redusert aktivitet i slike område for å sikre bestanden ([Kysttorsk: Anbefaler vern av gytefelt | Havforskningsinstituttet](#))

Vi meiner på bakgrunn av dette at utbygginga, særleg det som gjeld etablering av flytedokk og utviding av kai nord, utgjer for stor belastning og fare for marint miljø og marine artar. Bøfjorden er ein liten og sårbar arm av Sognefjorden, der det eksisterande verftet alt utgjer ei miljøbelastning for naturmiljøet. Ytterlegare utbygging vil vi sjå på som svært skadeleg i dette området.

Negativ påverknad og fugleliv

Vi registrerer at Norconsult si konsekvensutgreiing av marint naturmangfald oppsummerar ein samla konsekvens til middels negativ konsekvens. Vi meiner det ikkje er grunnlag for ein slik konklusjon, då det er for stor usikkerheit om miljøkonsekvensane, samt at ein slik konklusjon også må ta omsyn til det pågåande arbeidet om marint vern av Sognefjorden.

[Faktaark 2014:](#) Forurensninger fra skipsverft

[Faktaark 2016: m486.pdf](#)

Høyringsdokumenta viser at det er registrert fleire raudlista fugleartar i influensområdet. Rapporten frå Norconsult vurderer at *«tiltaket i moderat grad vil medføre tap av naturverdier som er utsatt for en samlet belastning, men dette kan ikke garanteres uten en fysisk befaring av fagkyndig biolog.»* Rapporten tek atterhald for konklusjon om moderat grad av tap av naturverdier. Vi vil difor peike på at ein konklusjon om moderat påverknad er teke på tynt grunnlag, og at det difor er knytt stor usikkerheit til graden av tap av naturverdier.

Lyd, støy og forureining

[m487.pdf](#) viser til til § 29-7. Støy

I tillegg kjem lyd/støy-forureining, der det i praksis er lagt opp til kontinuerleg drift 24 timar i døgnet, og i praksis 7 dagar i veka. Dette blir forsterka kraftig med flytedokk, som blir eit skipsverft ute i det fri, midt i Bøfjorden. I tillegg er det ikkje nemnt krav til støydemping (lydabsorberande tiltak) ved etablering av ny verkstadhall og tørrdokk.

I høyringsdokumenta står det at *«dei nye tiltaka i planinitiativet opnar opp for noko meir avfallsproduksjon og utslepp»*. Vi meiner at det ikkje er miljømessig forsvarleg å tillate ytterlegare avfallsproduksjon og utslepp i Bøfjorden, utover det som alt er etablert av slik verksemd. Det er berre lagt til grunn teoretiske tall på desibelmålingar, og ikkje

16.01.2026

konsekvensane på lydstry kontinuerleg gjennom heile veka 24 timer i dognet. Det er grunn til å tru at dette vil utfordre tolegrensa for menneske og dyr, over og under havoverflata.

Venleg helsing

Naturvernforbundet i Sogn og Fjordane

v/leiar Hanna Lie Bakken



Naturvernforbundet

Sogn og Fjordane